



Sakshandsamar: gen. sekr. Olav Fykse Tveit

Saksdokument

Lærenemndas uttalelse *Skriftforståelse og skriftbruk med særlig henblikk på homofilisaken* (tidligere utsendt)

Samtalenotat fra Teologisk nemnd 4. mai 2006

Homofilisaken i et økumenisk perspektiv

Samandrag

Mellomkyrkjeleg råd er beden av Kyrkjerådet om å bidra med økumeniske perspektiv på den vidare handsaminga av homofilisaka i Den norske kyrkja. I denne saka vert det presentert nokre informasjon og nokre vurderingar av fem aktuelle problemstillingar i så måte:

Framlegg til vedtak

1. Mellomkyrkjeleg råd vil be om at det vert lagt vekt på den opne og ansvarlege samtale med andre kyrkjer om homofilt samliv, men vil åtvare mot å vise til andre kyrkjer sitt syn som avgjерande argument for korleis Den norske kyrkja skal stille seg til ordna homofilt samliv.
2. Det bør leggjast vekt på erfaringar frå økumenisk samtale og arbeid når ein skal leggje opp prosessen med tanke på å fastsetje ordningsmessige konsekvensar av homofilidebatten i Den norske kyrkja. Det bør særleg leggjast vekt på korleis ein kan gje rom for anerkjenning av ulike syn utan at det bidrar til å bryte ned kyrkjefellesskapet.
3. Mellomkyrkjeleg råd vil understreke at dei som representerer Den norske kyrkja i møte med andre kyrkjesamfunn har ansvar for at ein ikkje sår tvil om legitimeten til dei leiarar Den norske kyrkja har vald.

Til sak MKR 27/06

I det 6. og 7. avsnittet i pkt. 1 under sak 27/06 var teksten litt uferdig og hadde nokre feil.
Det skal stå:

"Den romersk-katolske kyrkja tek homofili opp i møte med ein del aktuelle utfordingar. Det er der inga opning for å jamstelle andre samlivsformer med ekteskap mellom ein mann og ei kvinne, eller å kalte andre samlivsformer ekteskap. Det heng saman med det sakramentale synet på ekteskap. Samstundes er det vel kjent at det er mange homofile katolske prestar, og at homofili er eit spørsmål som vert teke opp i kyrkja si rettleiing ikkje minst i sjelesorga sitt rom. Etter dei omfattande avsløringane av pedofile relasjonar mellom katolske prestar/munkar og spesielt unge gutter (særleg i USA), er det er no frå Vatikanet si side innført restriksjonar på homofile sin tilgang til presteutdanning og presteteneste.

Mange representantar for evangelikale kyrkjelege miljø, pentekostale og karismatiske kyrkjer har uttrykt seg svært kritisk og stundom endå til svært fordømmande om homofilt samliv, sjølv i ordna former. Kampen mot homofilt samliv har vore grunngjeve dels i lovgjeving om det heilage i GT, så godt som alltid i dei avvisande utsegn i Paulus sine brev, og ofte uttrykt som ein kamp for det monogame ekteskap mellom mann og kvinne. Til ein viss grad har det i mange av desse samanhengane vore uttrykt eit ønskje om å skilje mellom omsorg for homofile menneske og avvisinga av homofilt samliv. Men i ein del tilfelle har det vore så generell avvising av homofili at uttrykk og kampanjar har vorte oppfatta som fordømmande av homofile menneske. Representantar for evangelikale frikyrkjer i Noreg har stort sett gjeve uttrykk for at dei vil vere inkluderande overfor homofile menneske i sine samanhengar, men dei fleste avviser ordna homofilt samliv som akseptabel samlivsform. Men den internasjonale debatten i Metodistkyrkja og i baptistiske kyrkjer elles i verda har hatt nokre parallellear i desse kyrkjene i Noreg. Nokre få frikyrkjelege talsmenn har vore så skarpt fordømmande av homofili generelt at det einaste dei har kunne vise til er at kyrkjer bør tilby lækjedom og reorientering for homofile."

OFT

Saksframstilling

1. Korleis vurderer andre kyrkjer homofilt samliv?

Korleis har andre kyrkjer som vi samarbeider med eller har kyrkjefellesskap med vurdert homofilt samliv med tanke på ordningar i kyrkja om ordinasjon og eventuelt forbøn for homofile par? Kva argument er brukt for den eine eller andre ordninga? Korleis ser det økumeniske landskapet ut i så måte?

Det er ein omfattande jobb å gje eit dekkjande bilet, men ikkje umogleg å skaffe seg eit visst oversyn over dette. I rapporten frå Lærenemnda er det eit vedlegg som gjev eit visst innsyn i ein del kyrkjer sine debattar og prosessar, men det er ikkje heilt oppdatert.

Eit generelt bilet teiknar seg om lag slik: Det er lite vilje til å drøfte dette ope og med opne konklusjonar i mange kyrkjer i verda. Men dei kyrkjene som har tatt opp grundige drøftingar av korleis ein skal møte desse utfordringane i det kulturskiftet som foregår, har havna på å ikkje fordøme homofile og ein del opnar for homofilt samliv. Om ein ser litt nøyare på landskapet, kan ein seie:

Mange protestantiske og anglikanske kyrkjer i den vestlege kulturkrinsen og nokre andre kyrkjer vist vilje til å inkludere homofilt samlevande i kyrkjefellesskapen aktivt og tydeleg. Dei fleste kyrkjer i den vestlege kulturkrinsen innan dei lutherske, reformerte, metodistiske og anglikanske kyrkjefamiliane har nokså opne og grundige debattar om desse spørsmåla. For ein del av dei har debattane ført fram til at ein har gjort nokre vedtak som uttrykjer på eit eller anna vis at eit ordna homofilt samliv er ei akseptabel samlivsform, eller i alle fall noko som ikkje er rekna som umoralsk. Den nederlandske protestantiske kyrkja, den danske folkekirkja, den islandske kyrkja, fleire tyske lutherske og reformerte kyrkjer vil i praksis ikkje spørje om ein ordinand eller sokjar til eit embete er homofil og lever i eit homofilt parforhold. Svenska kyrkan har vedteke at det ikkje skal vere eit premiss i det heile tatt i vurderinga. Biskopane i Church of England har uttala at det er akseptabelt å leve i eit homofilt parforhold om det ikkje inneber å vere seksuelt aktiv (noko som fleire gjev uttrykk for er eit midlertidig kompromiss). Den evangelisk-lutherske kyrkja i USA (ELCA) har vedteke at biskopar ikkje kan ordinere homofilt samlevande, men at det er opp til prest og kyrkjelyd å vise den relevante pastorale omsorg for dei dette gjeld.

Ein god del andre kyrkjer vi har ein god del med å gjere, så som lutherske kyrkjer i store deler av Afrika, har problem med å ta opp problemstillingane i opa form i det heile, men det er i ferd med å endre seg. Det gjeld t.d. den lutherske kyrkja i Sør-Afrika. I den anglikanske kyrkja i Sør-Afrika har ein sterke talsmenn for å akseptere homofile som ei undertrykt gruppe som har sine rettar som kyrkja må ivareta, mellom anna ved å akseptere homofilt samliv. Dei leiande biskopane i dei baltiske lutherske kyrkjene gjev uttrykk for at dette er eit vanskeleg emne i ein respons til vedtaket fatta i Svenska kyrkan i 2005.

Den romersk-katolske kyrkja tek spørsmålet opp i møtr med ein del aktuelle utfordringar. Det er inga generell opning for å jamstelle andre samlivsformer med ekteskap mellom ein mann og ei kvinne, eller å kalle andre samlivsformer ekteskap. Det heng saman med det sakramentale synet på ekteskap. Samstundes er det vel kjent at det er mange homofile katolske prestar, og at det er mange som vurderer spørsmål om slike samlivsformer som mest eigna til å ta opp i sjelesorgens rom. Etter dei omfattande avsløringane av pedofile relasjonar

mellan katolske prestar/munkar og særleg unge gutter (særleg i USA), er det der no frå Vatikanet si side innført restriksjonar på homofile sin tilgang til presteutdanning og presteteneste.

Mange representantar for evangelikale kyrkjelege miljø og pentekostale og karismatiske kyrkjer har uttrykt seg svært kritisk og stundom endå til svært fordømende om homofilt samliv, sjølv i ordna former. Kampen mot homofilt samliv har vore grunngjeve dels i hellighetslovgivning i GT, så godt som alltid i dei avvisande utsegn i Paulus sine brev, og ofte uttrykt m ein kamp for det monogame ekteskap mellom mann og kvinne. Til ein viss grad har det vore tilfelle av fordøming av homofile menneske generelt. Representantar for evangelikale frikyrkjer i Noreg har stort sett gjeve uttrykk for at dei ikkje aksepterer homofilt samliv, sjølv om den internasjonale debatten i Metodistkyrkja og i dei baptistiske kyrkjene elles i verda også har slått litt inn i desse kyrkjene i Noreg. Nokre frikyrkelege leiarar har også vore skarpt fordømende av homofile generelt, og opptekne av at det kyrkja skal tilby dei er tilbod om lækjemod og reorientering.

Den russisk-ortodokse kyrkja har på ulike måtar kome med sterke fordømingar av både homofile og homofilt samliv dei siste åra. Dei talar endå til om forbod og kriminalisering av offentleg eksponering av homfilt samliv. For øvrig i dei ortodokse kyrkjene er det lag tvekt på ein tradisjonell ekteskapsmoral, men ikkje utan teikn til at ein har ein del av dei same utfordringane som i den romersk-katolske kyrkja.

Dette syner at det ikkje berre er viktig å sjå på kva kyrkjene seier om ordna homofilt samliv, men også på deira haldningar til homofile menneske generelt.

Men det kan vere særleg grunn til å drøfte så viktige spørsmål med kyrkjer vi har eit organisert kyrkjefellesskap med, så som kyrkjene i LVF, Metodistkyrkja, kyrkjene i Porvoofellesskapen og i Leuenbergfellesskapen. Dels fordi det handlar om å ha kontakt om anerkjenning av embeter, dels fordi det handlar om å bere fram eit felles vitnemål i den samanhengen ein står i.

2. Korleis har andre kyrkjer handtert usemje i homofilisaka?

Korleis har andre kyrkjer handtert at det er usemje om den moralske vurderinga av homofilt samliv, og korleis har dei handtert dette med tanke på ymse ordningar? Mange kyrkjer har debattar om spørsmåla utan å ha trekt endelege konklusjonar noko veg, og har meir eller mindre sterke spenningar på grunn av det. Det vil vere ikkje minst vere av interesse å sjå nærmare på korleis andre kyrkjer nærmrar seg dette spørsmålet der dei har trekt nokre ordningsmessige konklusjonar i så måte med tanke på vigslingshandlingar og ordinasjon og teneste i kyrkja for menneske som lever i eit ordna, homofilt parforhold.

Det er gjort kort greie for tre modellar for å handtere slik usemje i ein artikkel i Aftenposten i januar (utsendt med papira til mars-møtet). Svenska kyrkan har vedteke ei felles ordning med samvetsfridom for prestar når det gjeld forbøn for homofile par (som Dnk har i skilsmisssespørsmålet). Ein har gått frå ein situasjon der det ikkje var vedteke noko i synoden om kven som kunne ordinerast m.o.t. homofilt samliv til ein situasjon der ein har vedteke at

det ikkje er eit hinder for å verte ordinert. Med andre ord hadde ein heller ikkje før 2005 vedtak om at homofilt samlevande ikkje kunne ordinerast eller få preste eller diakonstilling. Etter 2005 har ein vedtak om at det ikkje er eit hinder i seg sjølv, om biskopen og domkapitlet finn at samlivet er ordna. Det som nok vekkjer mest oppsikt utad er at ein har vedteke at det skal vere ein liturgi for forbørn for homofile par i Kyrkohandboken, og at alle har rett til å få ei slik handling utført, sjølv om ein prest ikkje ynskjer å gjennomføre handlinga.

Det er presisert at det ikkje er ein ekteskapsinngåelse. Det har vore og er spenningar i Svenska kyrkan rundt desse spørsmåla, og det er vorte hevda at vi i Dnk må lære noko av prosessane der på godt og vondt. Det er vorte sagt at den svenske måten å løyse spørsmålet på er meir bastant og uniformert enn det er tradisjon for i Dnk i slike stirdsspørsmål, og det vert vist til korleis usemje om kvinneleg presteteneste er handsama i dei to kyrkjene.

Det kan godt vere at ein bør bruke erfaringane frå Sverige til å vurdere kor mykje eller kor lite eit organ som KM bør vedta i eit spørsmål som dette, og kor mykje som bør vere opp til den einskilde biskop og prest sitt skjønn i utøving av sitt embete. Det er også verd å merke seg at det har vore ein lang prosess over mange år med debatt i Kyrkomøtet før 2005, basert på utgreiingar i Læronemnden med store og breie offentlege høyringar der svært ulike syn fekk kome til orde utan å bli motsagt.

Ein modell med same opning for homofilt samlevande, men mindre einsarta ordning har ein i Danmark. Konklusjonane er ikkje ulike, men prosessane er annleis i Den danske evangelisk-lutherske folkekirke enn i Svenska kyrkan. Der har biskopane kome til at det er opp til biskopar og prestar om dei vil ha ei forbørnshandling fo homofile par, og om ein skal ha ei fast form på det. Dei som sjølv ikkje vil bruke eller tilrå ei slik ordning blant biskopane, har ikkje noko i mot at det finst ei slik ordning. Elles gjer ikkje biskopane spørsmålet om kandidaten er heterofil eller homofil til ei kriterium ved ordinasjonssamtalen.

Ein tredje modell for handtering av stor usemje som synest å gå om lag midt gjennom kyrkja, har ein i ELCA i USA. Etter vedtaka i 2005 har ein inga opning frå generalsynoden på at biskop og bispedømmeråd kan foreta ordinasjon av homofilt samlevande (synoden var delt om lag på midten i dette spørsmålet), men det er opna for lokalt bestemt pastoral praksis elles i møte med dei homofile i kyrkjelyden – utan noko fast forbønsordning. Vedtaket i generalsynoden har elles eit vesentleg fyste punkt som var svært stor oppslutning om, nemleg å anerkjenne kvarandre sin gode vilje til å vere skrifttru og til å ta på alvor dei homofile, sjølv om ein endar på ulike konklusjonar om moralsk vurering av homofilt samliv.

Church of England byr på ein annan modell, der det er klare utsegn om at ein ynskjer å handtere usemje og ulik praksis på eit pastoralt/episkopalt nivå, ikkje som ei sak for vedtak i synoden. Kor vidt biskopen kan vere homofil og leve i eit ordna homofilt samliv, er eit anna spørsmål, og valdar særlege problem i Anglican Communion. Fordi anerkjenning av kvarandre som biskopar er eit premiss for kyrkjefellesskap i anglikansk samanheng, og det å ha same biskop knyter prestar og kyrkjelydar saman, får dette spesielt tungt vekt der. Erkebiskop Rowan Williams av Canterbury har av slike grunnar ikkje vilje vigsle homofilt samlevande til biskop, sjølv om han meiner at ordna homofilt samliv er moralsk aktverdig og akseptabelt. Det er med andre ord teikn til at ein i anglikansk samanheng ikkje vil oppleve spørsmålet om ordna, homofilt samliv så splittande berre ut frå usemje om den moralske vurderinga av spørsmålet eller premissar for slike vurderingar (t.d. Skriftsyn). Einskapsdiskusjonen kjem meir i tilknytning til den ekklesiologiske vinkelen på saka.

Dersom ein prøver å lage særskilte kyrkjeordningar for å løyse ei usemje (slik som ein har prøvd i Church of England med "flying bishops" for kyrkjelydar som ikkje vil ha tilsyn frå biskopar som ordinerer og anerkjenner kvinner som prestar), står ein i fare for å splitte opp kyrkja i einskilde kyrkjelydar (kongregasjonalisme). Dette problemet vert endå større om kvinner vert ordinerte til biskopar. Det er grunn til å ta den lerdom av dette at det ikkje er klokt å lage nye ordnignar for å løyse usemje som oppstår i kyrkja. Det var også konklusjonen på ei drøfting gjort for BM i Dnk for nokre år sida, då ein drøfta om det at kvinner vart ordinert til biskop skulle medføre tunge nye kyrkjeordningsmessige tiltak (som i England) for dei prestar som ikkje meinte at kvinner kan vere biskop (eller prest).

The United Methodist Church har gått frå ei meir opa haldning til ei meir restriktiv linje, men det er openberrt at usemja er stor og gjennomgåande, og at ein ikkje har kome til vegs ende i drøftingane om desse spørsmåla. Der har det (særleg i USA) vore gjor ein del forsøk på å ha læresamtalar etter økumenisk modell mellom representantar for ulike syn i kyrkja.

3. Kor stor vekt skal ein leggje på forholdet til andre kyrkjer og på deira syn i utforminga av ordningar i Den norske kyrkja?

a. Kor tungtvegande er det å vise til andre kyrkjer som argument for det eine eller andre syn på saka i vår eigen debatt?

Dette er eit perspektiv som er viktig, men som jo ikkje i seg sjølv avgjer spørsmålet om korleis Den norske kyrkja skal ordne seg og av kva grunnar. Det er ikkje ei slags internasjonal kyrkjeleg meiningsmåling som kan avgjere korleis Den norske kyrkja skal utøve sitt ansvar for dei homofile i kyrkja, anten det er som medlemer eller tilsette. Men det er vesentleg å vere ein del av den økumeniske samtale som pågår. Og det er mykje som tyder på at samtalens eller debatten, enå til konflikten, går både mellom og innan dei fleste kyrkjer i verda. Om enn ikkje like ope som i Dnk.

Dnk er del av det økumeniske samtalefellesskapet, enten der i formelle eller uformelle samanhengar. Og ein vesentleg del av avtale kyrkjefellesskap er at ein har kontakt med kvarandre om viktige spørsmål, særleg om dei vedkjem forholdet mellom kyrkjene. Det tek nok litt tid før ein har dette innanfor horisonten i kyrkjer som har inngått økumeniske avtalar. Det gjeld nok både oss og andre kyrkjer. Svenska kyrkan rådførte seg spesielt med Church of England, men ikkje med Den norske kyrkja før vedtaka på Kyrkomøtet i fjar. Det er vesentleg å understreke at det er ikkje noko relasjon Dnk står i som gjer at ein har gjeve andre kyrkjer vetoret over kva ein skal stå for i Dnk. Korkje forholdet til Svenska kyrkan eller til ei luthersk kyrkje i Afrika som er kritisk til ei slik opning for homofilt samliv, er eit avgjerande argument for kva Dnk skal lande på. Og det er ikkje grunn til å tru at synet på og ordningane i høve til hooffilt samliv, vil vere avgjerande for relasjonane mellom kyrkjer.

Men det er vesentlege premissar for mellomkyrkjeleg samarbeid som ein ikkje kan ignorere når ein er gått inni slike relasjoner. I dei store økumeniske organisasjonane KV og KEK er det i basisparagrafer vist til vedkjenninga til den treeinige Gud og til frelsa i Kristus, slik dette er vitna om i Skrifta. I avtalane med anglikanske, meotdistiske og reformerte kyrkjer er det dei vesentlege spørsmåla om evangeliet, den felleskristne oldkyrkjelge vedkjenningstradisjonen, sakramenta og anerkjenning av ordinasjon som er premissgrunnlaget. I LVF er det i røynda

det same, knytt til dei basale lutherske vedkjenningsskriftene vi har i Dnk. Det er ikkje i nokon av desse relasjonane noko vilkår at ein er samde om homofilt samliv eller andre meir eller mindre aktuelle moralspørsmål. Det er eit vesentleg moment. Det utelukkar ikkje at også spørsmål av etisk karakter kan vere vesentlege i desse kyrkjefellesskapet, men ikkje at semje om dei i utgangspunktet er grunnlag for kyrkjefellesskap.

Det er vorte vist til at det er mange og store kyrkjer som ikkje har endra syn eller praksis i forhold til det som har vore det alminnelege kyrkjeleg tradisjonelt avvisande syn på homofili. Det er ikkje i seg sjølv avgjerande, men det er vesentleg å spørre kva som er ein felles kyrkjeleg tradisjon i store og vesentlege spørsmål. Det gjev også dei som følgjer det som har vore ein slik tradisjon legitim rett til å vise til denne tradisjonen og kva plass den har, som eit argument i drøftinga om den skal og bør endrast. At det også er ein tradisjon som byggjer på det faktum at utsegn i Skrifta om homofili er gjennomgåande avvisande, har også vekt i den samanhengen.

I denne samanhengen er det relevant å vise til at det faktisk har skjedd ei vesentleg endring i omtale av homofili, også i mange kyrkjer som ikkje har opna for å anerkjenne ordna, homofilt samliv. Det er kome ulike grader av erkjenning av at det finst menneske som er homofile, at dei ikkje har vald det sjølve, og at homofil ikkje er ein sjukdom. Det er erkjent at homofile har vorte urettmessig handsama i kyrkje og samfunn, at dei har krav på respekt, at dei skal ha like rettar som andre i samfunnet, og at dei skal kjenne seg inkludert i det kyrkjelege fellesskap.

Sjølv om felles kyrkjeleg tradisjon er eit vesentleg perspektiv i mange saker, er det ikkje eit avgjerande arguement å vise til at andre kyrkjer ikkje vil diskutere saka eller at dei ikkje har endra syn frå eit tradisjonelt kyrkjeleg syn. Det finst fleire døme på at det er vaks fram ny erkjenning og ny praksis i kyrkja, og at den kan begrunnast godt i den kyrkjelege lærertradisjonen. Synet på kvinner og deira teneste og plass i kyrkja er kanskje det mest talande i så måte. Kvinner som prestar og biskopar er knapt eit tema til diskusjon i vår kyrkje lenger. Synet på einslege mødre har gått frå sterk fordøming og eksklusjon til ei aktiv, støttande og inkluderande haldning i Dnk. Elles har oppgjer med skiljer basert på rase eller etnisk opphav vore nødvendig i kyrkja til alle tider, men det har synt seg nødvendig å ta opp att i ulike faser og kontekstar. I den kyrkjelege tradisjon har ein mange døme på at kyrkja har vore ekskluderande og diskriminerande overfor menneske og grupper av menneske som ein sidan har erkjent at ein har behandla ille. Koplinga mellom undertrykkande makt og kyrkjeleg legitimering finst det diverre alt for mange døme på, og teologisk innsikt og oppgjer har vaks fram i ulike delar av verda og vorte ein del av den felles, kristne teologiske tradisjon. Den såkalla frigjeringsteologien er eit vesentleg døme på dette.

Dessutan kan ein, som det er vist til ovanfor, peike på at nettopp kyrkjer som skal gje menneske råd eller leggje til rette for kyrkjelege ordningar i vår kulturkrets, har mått ta opp spørsmålet om homofilt samliv på ein annan måte enn kyrkjer i andre kulturar. Det er difor ikkje utan vidare relevant å peike på kyrkjer som lever i andre kulturar som klare dømepå at Dnk ikkje bør endre ordningar i homofilspørsmålet. Den globaliserte verda gjer at ein del slike forskjellar vert viska ut, og det er teikn til at det er tilfelle også i dei ulike kyrkjer i verda.

Ei spesiell vurdering i denne samanhengen gjeld innføring av faste liturgiske ordningar for forbøn av homofile par. Det er fleire grunnar til å hevde at det som står i felles vedtekne liturgiske ordningar for ei kyrkje er uttrykk for den felles kyrkjelege lære i denne kyrkja. Difor krevst det særleg godt begrunna forslag og stor oppslutning om dei, dersom kyrkja skal

endre liturgi. Det kjem til uttrykk i DNk at det det er særskilte måtar å handsame slike saker på i samspel mellom KM og BM. Det er også kome fram i samtalar med Church of England at det er særleg her ein har spørsmål til om vedtaka i Svenska kyrkan har gått vel langt. Det er lite tendensar i Dnk til å vere så oppteken av kva liturgiar andre kyrkjer har. Dette vil nok mest gjelde den indrekirkjelege debatten hjå oss. Like fullt kan det vere grunn til å merke seg kva vekt det vert lagt på kva som er vedteke som felles liturgiske ordningar.

Oppsummerande kan ein seie at ordningars og dominerande syn i andre kyrkjer er eit vesentleg moment i ei drøfting av eit moralspørsmål i kyrkja, men det kan ikkje vere avgjerande, same korleis ein vurderer kvar tyngdepunktet ligg hjå andre kyrkjer.

b. Om ordinasjon/vigsling av homofilt samlevande verkar inn på kyrkjeavtalar der ein har anerkjent kvarandre sine embete

Det er ikkje noko i dei avtalar som er inngått med andre kyrkjer som spesifiserer noko om dei personane som innehavar embete sller vert vurderte til ordinasjon. Det er ordinasjonen eller vigslinga som prinsipielt sett er anerkjent, ikkje kva rase, kjønn, alder, legning eller meiningsden ordinerte eller vigsla har. Difor er det viktig av mange grunnar å ikkje gå inn på ein diskusjon om andre kyrkjer skal overprøve vurderinga av om den einskilde personen er skikka til ein ordinasjon eller vigsling som er funnen eigna til det i Den norske kyrkja. Det syner ein aktuell samtale med Church of England om vigsling av kvinner til bispeembetet. At det i Porvooavtalen er eit punkt som stadfestar at den einskilde kyrkja sine reglar for tilsetjing også gjeld dei som kjem frå andre kyrkjer, rokkar ikkje ved det prinsipielle her. At Church of England i praksis ikkje har opna for tilsetjing av prestar ordinert av kvinneleg biskop, rokkar heller ikkje ved det prinsipielle poenget her, i alle fall så lenge CoE ikkje har vedteke at det er umogeleg at kvinner kan vere biskopar av teologiske grunnar. Men spørsmålet framstår som ei utfordring for Porvoofellesskapen, og noko tilsvarende kan ein kome til å oppleve i homofilisaka.

Spørsmålet om anerkjenning av eventuelt homofilt samlevande biskopar er eit vesentleg tema i The Anglican Communion, og ein mogeleg grunn til at den vert oppsplitta. I anglikansk kyrkjeliv er det som nemnt spesielt kritisk om ein har ulik praksis når det gjeld biskopar. Utan å kunne ha ein felles, anerkjent biskop, står ein utan ein felles kyrkjeleg "Order". Som i kvinnekostspørsmålet, har ein ikkje tilsvarende skiljer mellom ulike grupper av ordinerte og vigsla i ein luthersk samanheng. Men også her vil kva som gjeld for biskopar i praksis ha større betydning og rekkevidde enn det som elles gjeld for prestar og biskopar.

I ei luthersk kyrkje er det vesentleg å leggje vekt på kva oppgåver den ordinerte og vigsla skal fylle, kva rolle ein skal spele i den konkrete kyrkjelyden (-ane) ein skal gjere teneste i eller overfor, og kva forkynning av evangeliet ein faktisk bidrar med. Fokus på personlege eigenskapar hjå den som er ordinert eller vigsla er bevisst nedtona. Dette er tydeleggjort i den lutherske videreføringa av det oldkyrkjelege oppgjaret med donatismen (og deira syn at kyrkjelege handlingar utført av syndige tenarar ikkje er gyldige).

Eit spesielt problem kan også nemnast i denne samanhengen. Det er i dokumentet "Takt og tone for samarbeid i Norges kristne råd" gjort eit spesielt poeng av at samarbeid med andre kyrkjer inneber at ein aksepterer dei personar som ei anna kyrkje har som leiarar eller utpeikar

til å delta i møter. I relasjon til homofilisaka bør Dnk vere tydeleg på at dersom ein person har tillit i Dnk forventar ein også at vedkomande blir møtt som legitim representant for Dnk i økumeniske samanhengar. Det er teikn til at det ikkje alltid er tilfelle i ymse olkale samanhengar. Det kan difor vere grunn til å presisere dette spesielt, overfor andre i Dnk som måtte vere usamd med vedkomande leiar eller representant for Dnk, og overfor andre kyrkjessamfunn.

4. Kva kan vi lære av økumenisk teologi og den økumeniske arbeidsmåten med tanke på korleis vi skal handtere den interne striden i Den norske kyrkja?

Kyrkjene lever ikkje lenger i mellomalderens monolittiske kyrkjestruktur. Heller ikkje i reformasjonstida og dei etterfylgjande hundreåra sin kontroversteologiske horisont. Kyrkjene lever i ei tid der den økumeniske rørsla har sett premissar for korleis kyrkjene tek opp og handterer alvorlege skiljer i lærespørsmål. Det er vesentlege premissar som er utvikla gjennom det, og som Den norske kyrkja har både forplikta seg på og teke i bruk i praksis. Det inneber ikkje ein generell relativisme i lærespørsmål, men ein vilje til å gå inn i dei med vilje til dialog og gjensidig utveksling av synspunkt i erkjenning av at ein ser stykkevis og delt.

I mange økumeniske dialogar har det vore avgjerande at ein direkte eller indirekte har kunna sagt noko om kva som er meir elelr mindre grunnleggjande, og kva spørsmål som ikkje har same grunnleggjande karakter. Det betyr ikkje at ein bagatelliserer spørsmål, men at ein prøver å finne eit grunnlag for fellesskap som kan bere også dei punkt ein er usamde om .

Dessutan er det vesentleg om innsteget er at ein har noko felles eller om det er at ein i utgangspunktet skal finne det som skil og leggje vekt på det. Ikkje minst er det vesentleg om ein viser vilje til å forstå den andre parten sine standpunkt og den andre parten sin gode vilje og intensjon om å vere tru mot sanninga i lys av sin tradisjon. Det er ikkje det som pregar norsk kyrkjedebatt i homofilisaka, men Lærenemnda sin rapport vitnar om at ein har prøvd å føre samtalen inn på slike spor

Det er med andre ord utvikla ein økumenisk kultur nasjonalt og internasjonalt som utfordrar kyrkjene til å samlast om det som samlar, og stå i ein open dialog om viktige kontroversielle emne. Det er ei anna haldning enn den utprega kontroversteologiske. Men det er ikkje ei likesæl haldning. Kritikk kan framførast på mange måtar.

Den såkalla Calmeyergatalinja (å avstå frå friviljug samarbeid med liberal teologi) som organisasjonar i norsk kyrkjeliv har brukt som modell for korleis ein skal forholde seg til ulike teologiske oppfatningar hjå forkynnurar og leiarar, er vel kjend. Det er inga meinings i å bestride at ein fri organisasjon fritt vel kven ein vil invitere til å delta på sine arrangement. Det er derimot grunn til å spørre om denne linja bør leggjast til grunn som modell for å handtere indrekkyrkjelge debattar og spenningar i vår tid. Linja byggjer på at ein leiter etter kvar andre måtte ta feil. Det inneber mistenkeleggjering av den andre parten sin legitimitet. Handlingsalternativet vert ei form for isolasjon eller eksklusjon, ikkje dialog, samtale, vilje til å kome vidare i forsting av andre m.m.. Som grunnleggjande strategi i møte med kontroversar om viktige lærespørsmål er dette ein øydande strategi for eit kyrkjeleg fellesskap. Den rammar ikkje minst det daglege livet i kyrkjelydane og dei som gjer teneste der. Dersom

denne linja i praksis fører til meir enn å avstå frå friviljug samarbeid og vert ei boikottlinje der ein oppmodar eigne medlemer til å ikkje delta i det lokale kyrkjelivet, eller endå til dannar eigne kyrkjelydar for å møte denne tematikken, er det svært problematisk. Det er noko mykje meir enn å føre ein open og tydeleg debatt.

Det er ikkje relevant å seie at strid om moralske spørsmål ikkje kan ha konsekvensar for kyrkjefellesskap. Men i eit luthersk kyrkje er det eti langt stykkje før ein kan dra slike konklusjonar. I LVF vart det i apartheid-tida gjort vedtak om suspensjon av kvite kyrkjer på grunn av deira manglende vilje til å opne nattverdbordet for menneske av alle rasar. Dette vart sett som i strid med evangeliet. Det må altså meir til enn å påvise at det er usmeje om moralspørsmål.

I handteringen av homofilisaka trengst det nye innspel og nye grep, ikkje minst ut frå det at det ikkje handlar berre om ei sak, men om aktuelle personar i alle kyrkjer. Det handlar om deira liv og deira oppleving av korleis kyrkjefellesskapet inkluderer eller ekskluderer dei. At kyrkja på ein ein heilt annan måte enn andre interessefellesskap har ansvar for å vere inkluderande, på grunn av den læretradisjon ein forvaltar i og med evangeliet, forpliktar på særleg måte ei kyrkje til å ikkje dra forhaste konklusjonar om kva ein kan leve med.

5. Kva premissar har vi i vår lutherske læretradisjon som er viktige bidrag til den økumeniske samtalen om homofilisaka?

Det vil vere viktig å halde fram korleis Den norske kyrkja sjølv har arbeidd med den lutherske vedkjenninga for å drøfte kva status usemje om homofilt samliv har i høve til forståing av kristen einskap. Rapporten frå Lærenemnda om Tunsbergsaka frå 2000 tek dette opp i drøftinga av CA 7 og CA 28. Konklusjonen er at homofilisaka er viktig, ikkje minst for dei ho gjeld personleg og direkte. Men ein er ikkje med på å seie at det er ei usemje om evangeliet fordi det handlar om eit moralspørsmål der ein diskuterer kva som er synd.

Lærenemnda sin rapport frå 2006 legg vekt på tolkning og bruk av Skrifta i møte med homofilispørsmålet. Skrifta si rolle i kyrkja er vesentleg i den lutherske læra, og slik sett er Lærenemnda si drøfting også eit luthersk bidrag til den økumeniske samtale om homofilisaka. Rapporten viser at usemje om korleis ein skal bruke Skrifta i denne saka ikkje gjer det mindre viktig at ein drøftar dette grundig og heller ikkje trekkjer for raske konklusjonar i så måte.

I LVF har ein for tida vesentlege diskusjonar om seksualitet og homofili spesielt, men dei er ikkje så mykje relatert til spørsmålet om kyrkjefellesskap – så langt. Det er også tunge føringar i luthersk læretradisjon til å sjå på moralske spørsmål om samliv som tilhøyrande det verdslege regiment, knytta til den kontekst og kultur ein lever i. Ekteskapet er eit moralsk spørsmål for livet i denne verda. Det er ikkje eit sakramentalt spørsmål og difor heller ikkje eit ekklesiologisk spørsmål i streng forstand. Det er såleis mogeleg å kome til ulike konklusjonar. Det er opp til det einskilde menneske sitt samvit å velge sin veg i livet, til sjuande og sist.

Det vil føre for langt å gå vidare på desse drøftingane her. Men det er vesentleg å halde fast på at økumeniske perspektiv og relasjonar ikkje berre handlar om å motta, men også om å bidra.

Teologisk Nemnd 4.5.2006**Notat fra samtale om sak 6/06- noen hovedmomenter fra samtalens****Relasjonen til samarbeidskirker**

Teologisk nemnd ønsker å understreke betydningen av en åpen samtale med våre søsterkirker under den videre utredning av homofilisaken.

I kirker vi har et avtalefestet kirkefellesskap med, er det et bredt spekter av synspunkter og holdninger til både forståelsen av homofili og homofilt samliv, til spørsmålet om vigslet tjeneste for homofile i kirken og ordninger for forbønn ved inngåelse av partnerskap. Det er derfor ikke mulig å se at det gis entydige råd om hva som er best å gjøre i håndteringen av homofilispørsmålet for vår egen kirke. Ei heller er det riktig å se at eventuelle nye vedtak når det gjelder Den norske kirkes ordninger vil med nødvendighet være en trussel for de økumeniske relasjoner vi står i.

Samtidig er det lærerikt for oss å se hvilke løsninger som finnes i andre kirker, både når det gjelder den prinsipielle og den praktiske, ordningsmessige siden ved saken. Det er en viktig side ved våre avtalte kirkefellesskap at vi informerer og konsulterer de andre kirkene om arbeid med viktige spørsmål for Dnks lære og liv. Det er ikke relevant bare ut fra våre økumeniske forpliktelser gjennom kirkeavtalene, men også overfor det større økumeniske fellesskapet vi står i.

Samtidig understreket nemnda at det ikke er bindende for Den norske kirke hva andre kirker mener og gjør i denne saken, Den norske kirke må selv ta sine valg og ta ansvar for dem. På den annen side vil isolasjon fra deres prosesser og vedtak heller ikke være tjenlig for oss. I prosessen vil det være viktig at den økumeniske samtale om disse spørsmål også skjer med det økumeniske kirkefellesskapet i Norge og i samtale med andre tros- og livssynssamfunn.

Homofilispørsmålet og kristen enhet

Det ble understreket i nemndas samtale at et viktig mål i arbeidet fremover må være å finne premisser for samtalens som gjør det mulig å unngå splittelse på grunn av uenighet i homofilsaken.

Det ble understreket at vi i vår kontekst bør ta utgangspunkt i en luthersk tenkning omkring forholdet mellom lov og evangelium, toregimentslæren og skillet mellom det som er konstitutivt og det som er konsekutivt for kirken. Luthersk teologi kan være til hjelp for å unngå at det trekkes for raske eller ubegrunnede ekklesiologiske sluttninger av drøftingen av etiske spørsmål.

Det ble vist til en av hovedkonklusjonene i Lærenemndas utredning i Tunsbergsaken (2000), der et flertall i nemnda sa: *"Selv om homofilispørsmålet er et lærespørsmål med tilknytning til sentrale deler av den kristne lære, trenger ikke uenigheten om homofilt samliv forhindre den tilstrekkelige enighet om det som er sentrum i den kristne gudstro: Rettferdiggjørelsen av syndere i Kristus."*

I samtalen ble det pekt på at det kan finnes etiske spørsmål som fører til en situasjon som kan kalles "status confessionis", slik vi opplevde i kampen mot apartheid. Det ble understreket at det er mulig å tale om "vranglære" når det gjelder etiske spørsmål, men det er ikke nødvendigvis slik i homofilispørsmålet.

Det er åpenbart at homofilispørsmålet berører sentrale sider ved kirkens lære som angår både tro og liv og er forbundet med sentrale punkter i kirkens lære, både av etisk og dogmatisk art. Selv om spørsmålet i den forstand kan betraktes som et lærespørsmål, betyr det allikevel ikke at ulik forståelse av saken innebærer et brudd på kirkens lære som innebærer et brudd på kirkelig enhet som setter samlingen om Ord og sakrament på spill (jfr. CA 7).

Økumenisk teologi og metode

Teologisk nemnd ønsket å peke på hvordan man gjennom mange år med økumenisk arbeid har utviklet en metode for å møte uenighet i dyptgående teologiske spørsmål. I mange år har man også levd med spørsmål som var svært vanskelig for mange internt i Dnk. Den økumeniske dialog har lært oss en del om arbeidet for *enhet i et forsonet mangfold*. Målet i denne saken bør ikke nødvendigvis være det å komme frem til en konsensus. Vårt økumeniske arbeid har vist oss at det i mange tilfeller er mer realistisk og sakssvarende å arbeide for at man fortsatt kan stå sammen i fellesskap innenfor den samme kirken selv om man har ulikt ståsted.

Samtalen i nemnda viste også at det finnes flere ståsted i denne saken. I Den norske kirke finnes det både de som avviser homofilt samliv, og de som arbeider for at det vises respekt for legitimiteten av at det finnes flere syn i saken. Det ble pekt på at kirken bør ha rom for å utvikle nye standpunkter. Økumenikken kan også lære oss en del om *metodikken for samtale*, som innebærer en grunnleggende lyttende holdning til det den andre har å si, til ansvarlighet i omgangen med andres standpunkt, og til å motarbeide fordommer og stigmatisering i dialogen.

Kontekst og kultur

Nemnda drøftet også betydningen av kontekst, kultur og samtid for kirkens holdning i forhold til konkrete lærespørsmål. Et historisk eksempel i vår kontekst er spørsmålet om kvinners prestetjeneste: Ved åpningen av prestebetet for kvinner var det meget sterke krefter i kirken som varslet splittelse og så på dette spørsmålet som "status confessionis".

Likevel klarte kirken å bevare enheten gjennom stridighetene, blant annet gjennom å legge til rette for motstanderne av ordningen gjennom spesielle "kjøreregler". I dag er det stor oppslutning om at denne åpningen av prestebetet for kvinner var både riktig og nødvendig for kirken. Utviklingen viser blant annet at vår lesning og tolkning av bestemte bibelske tekster påvirkes av kulturen og konteksten vi lever i.

"Ta tiden til hjelp- ikke forsere vedtak - bevare en profetisk uro"

Under samtalen i Teologisk nemnd ble det vektlagt at det er nødvendig å ikke forsere sluttbehandlingen av saken. Kirken trenger en del tid for dialog og refleksjon på mange forskjellige nivåer, og det ligger mye økumenisk klokskap i det at man ikke forhaster seg i å fatte beslutninger uten at det er bred støtte for de endelige vedtakene i Den norske kirke. Det bør være anledning og tilstrekkelig rom for felles refleksjon og dialog i denne saken. Videre kan det noen ganger vurderes om det kan være en fordel å unngå at det må flettes bindende vedtak på høyeste nivå i slike spørsmål.

Samtidig ble det også understreket av noen av nemndas medlemmer at det er viktig å holde fast ved en "profetisk uro" i saken, som også innebærer at beslutninger fattes og prosessen ikke drøyes i mange år fremover.

Ikke bare en sak, men mennesker

Nemnda understreket at det bør vises varsomhet når det gjelder språkbruk i denne saken. Kirkens syn på homofili er ikke bare et dogmatisk problem, eller et spørsmål som angår våre konkrete ordninger. Saken handler om mennesker i og utenfor Den norske kirke, som ser seg selv og sin egen identitet diskutert og omtalt i mange forskjellige fora og i media. Når saken dermed berører menneskesynet og menneskeverdet, er det viktig at kirken er klar i sin grunnholdning.

Dette er også et viktig aspekt i våre økumeniske samtaler om emnet med kirker som har en sterkt avvisende holdning til homoseksualitet generelt og ofte lever i kulturer som er preget av

homofobi og brudd på menneskerettigheter overfor homofile. I slike sammenhenger må vi fortsatt innta en tydelig posisjon overfor våre samarbeidspartnere.

